

Haustetidsvurderingar 28. august

Tysdag 28. august er det i Nordfjord gjort nye målingar av Summerred, Raud Gravenstein og Raud Aroma.

Discovery er ikkje teke prøvar av denne veka, frukta har utvikla seg fint og hausting må no starte opp også i hagar som ligg seint til.

Hausting av Summerred kan starte opp på tidlege stader fram mot komande helg.

Gravenstein må henge på enno ei stund.

Summerred

Rettlei.

Dyrkar	1) K O Loen	2) E T Rake	3) Kåre Strand	4) G A Vereide	5) M Andenes	
Adresse	Loen	Rake	Rake	Vereide	Vereide	
Dato	28.08.2018	28.08.2018	28.08.2018	28.08.2018	28.08.2018	
Fruktvekt	0,164	0,158	0,158	0,17	0,175	
Avling	3	2 til 3	2 til 3	3 (4)	3	
Fastleik	6,8	6,8	7,4	7,3	7,3	6,5-7,0
Ref	11,2	10,7	11,1	10,5	11	10,5
Stive	4,1	5,4	4,6	5,3	4	5,0-7,0
Streif	0,149	0,118	0,145	0,126	0,166	0,09-0,16

Prøve 2:



Prøve nr 2 av Summerred er komen lengst i utvikling og er no innafor rettleiande verdiar for hausting, dette gjeld både for fastleik i fruktkjøtet, sukkerinnhald og stivenedbryting. Frukta har og utvikla skinande raud dekkfarge og lys gul grunnfarge (bilete neste side). Dei andre prøvane av Summerred viser og at dei går mot starthausting om kort tid.

Prøve 2:



Øvst: Lys gul grunnfarge er eit viktig haustekriterie på Summerred.

Nedst: Stiveverdi på 5,4 er innanfor optimalområdet for starthausting. Vidare stivenedbryting vil gje auka sukkerinnhald i frukta, men den vil samtidig mjukne i fruktkjøtet. For mjuk Summerred er grossistane lite interesserte i.

Konklusjon Summerred:

Plukking kan starte opp på tidlege stader mot slutten av veka. På seinare plassar kan plukkestart vente til ut i komande veke. Sjekk at epla har lys gul grunnfarge før plukking.

Solskåld

I raude sortar som får tidleg dekkfarge er det ikkje uvanleg å finne solbrende eple, dette gjeld spesielt i sortane Discovery og Summerred. Sommarskjering kan også medføre solskåld fordi ein del eple med dårleg lystilgang brått får skarpt solskin.



Raud Gravenstein**Rettleiande**

Dyrkar	1) K O Loen	2) E T Rake	3) Olin Austrheim	4) G A Vereide	
Adresse	Loen	Rake	Sandane	Vereide	
Dato	28.08.2018	28.08.2018	28.08.2018	28.08.2018	
Fruktvekt	0,21	0,23	0,231	0,207	
Avling	2 til 3	2 til 3	2 til 3	3	
Fastleik	7,3	7	7,2	7	6,5-7,5
Ref	10,5	11,3	11,3	10,5	10,8
Stive	2,4	2,5	2,2	2,7	5,0-7,0
Streif	0,29	0,247	0,289	0,249	0,09-0,16

Prøve 4 (nytt felt) Bileta viser Fargeutvikling og stivenedbryting:



Raud Gravenstein har utvikla store eple med jamnare raud dekkfarge siste veka, men har enno ikkje fått hausteklar farge. Grunnfargen er og enno for grøn. Vi ser at stivenedbrytinga er starta opp, så sukkerinnhaldet vil auke framover til den blir hausteklar.

Konklusjon Raud Gravenstein:

Nye prøvar komande veke vil fortelje kor raskt utviklinga går.

Raud Aroma

Rettleiande

Dyrkar	1) K O Loen	2) G A Vereide	
Adresse	Loen	Vereide	
Dato	28.08.2018	28.08.2018	
Fruktvekt	0,173	0,175	
Avling	3	3	
Fastleik	7,8	7,7	6,5-7,0
Ref	10,7	10,3	11,2
Stive	2,3	1,6	4,0-6,5
Streif	0,317	0,467	0,07-0,12

Prøve 1. Dekkfarge, grunnfarge og stivenedbryting:





Merk eple nede t.v. som har brote ned mesteparten av stiveinnhaldet. På bilete over ser ein at det er mørke flekkar i fruktkjøtet. Indre samanbrot har gitt tvangsmodning, men utan at eple har fått skinande raud dekkfarge som slike eple ofte får.

Konklusjon Raud Aroma:

Som venta ei tid til denne er hausteklar.

Helsing

Rune Vereide